

Arkiv:

<arkivID><jplD>
PlanID-
12602019000500,
Plannavn-
Snekkevika, Komnr-
4631, FA-L13

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato:

03.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
087/22	Utval for areal, plan og miljø	15.06.2022
033/22	Eldreråd	05.09.2022
036/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.09.2022
028/22	Ungdomsråd	05.09.2022

**Detaljregulering for Snekkevika- Offentleg ettersyn og høyring
KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Snekkevika, gnr.464, bnr. 41 mfl. Plan-id 4631 2020 007, vist på plankart sist datert 29.05.2022 , med tilhøyrande føresegner datert 29.05.2022.

Fram mot 2. gongs handsaming må det gjerast enkle rettingar i plankart, samt gjerast greie for framkome for utrykkingskøyretøy og løysing for vann og avløp for hyttetomtane på BFR6 og 7. Handsaming av myrmassar bør det stilast krav om i Plan for massehandtering.

Utval for areal, plan og miljø 15.06.2022:

Handsaming:

Utvalet var på synfaring før møtet tok til.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 087/22 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og

miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Snekkevika, gnr.464, bnr. 41 mfl. Plan-id 4631 2020 007, vist på plankart sist datert 29.05.2022 , med tilhøyrande føresegner datert 29.05.2022.

Fram mot 2. gongs handsaming må det gjerast enkle rettingar i plankart, samt gjerast greie for framkome for utrykkingskøyretøy og løysing for vann og avløp for hyttetomtane på BFR6 og 7. Handsaming av myrmassar bør det stilast krav om i Plan for massehandtering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.09.2022:

Handsaming:

Rådet meiner stien som idag går frå parkeringsplassen, ned til "badevika" bør rustast opp, og få tilnærma universell utforming. I samband med prosjektet bør det koma toalett som er universelt utforma.

Samrøystes vedteke.

RMNF- 036/22 Vedtak:

Rådet meiner stien som idag går frå parkeringsplassen, ned til "badevika" bør rustast opp, og få tilnærma universell utforming. I samband med prosjektet bør det koma toalett som er universelt utforma.

Eldreråd 05.09.2022:

Handsaming:

Ingrid Raniseth-rådgevar Plan og byggesak orienterte i felles orienteringsmøte for eldreråd/RMNF.

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale:

Eldrerådet meiner planforslaget må avvisast i si noverande form. Rådet viser til innkomne merknader til planforslaget.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale.

ER- 033/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i detaljereguleringsplan for Snekkevika:

Eldrerådet meiner planforslaget må avvisast i si noverande form. Rådet viser til innkomne merknader til planforslaget.

Ungdomsråd 05.09.2022:

Handsaming:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

UR- 028/22 Vedtak:

Tatt til orientering - ingen merknadar


Samrøystes vedteke

Saksopplysningar:

Bakgrunn

På vegne av forslagsstillar Sijoni invest AS legg Arkoconsult AS fram forslag til reguleringsplan for Snekkevika lokalisert nordaust på Radøy. Planområdet utgjør om lag 152 daa.

Området er i dag delvis utbygd med naustområde, småbåthamn og ein fritidsbustad.



Oversiktskart



Planområdet

Intensjonen med planforslaget er å legge til rette for etablering av eit hytteområde med tilhøyrande uteareal, infrastruktur, friluftsområde, naust og småbåthamn. Planforslaget opnar for etablering av totalt 22 nye fritidsbustader. Nye fritidsbustad er foreslått fordelt på 3 hovudfelt med utnyttelsesegrad BYA på inntil 134 m²/BRA inntil 114 m² og maks byggehøgde på 7 meter.

I tillegg er det 1 eksisterande fritidsbustad i området. Planen ivaretek også automatisk freda kulturminne innafor plangrensa.

Planområdet har tilkomst frå fylkesveg 565 Slettevegen vidare via privat veg til småbåthamna i Snekkevika. Det vert lagt opp til utbetring av den private vegen. Parkering for området er føreslått løyst ved felles parkeringsplassar, med moglegheit for køyring til hyttene.

Eksisterande og nye naust og småbåtanlegg er også ein del av planforslaget. I nord vert eit eksisterande grøntareal med badeplass regulert til offentleg friområde med moglegheit for mindre tiltak i tråd med føremålet.

For utfyllande opplysningar om planområdet, planforslaget og konsekvensar viser vi til forslagsstillar sin planomtale, vedlegg 1.

Planprosess og medverknad

Planinitiativet vart handsama i Utval for areal, plan og miljø før oppstart (vedlegg 12). Det vart gjennomført oppstartsmøte 13.10.2020. Planarbeidet vart varsla 02.12.2020 og 11.10.2021 for utviding av plangrense. Planforslaget vert ikkje omfatta av forskrift om konsekvensutredningar, men forslagsstillar har på eiga initiativ utarbeida fagrapport for naturmangfald og klima (vedlegg 5).

Det kom inn 3 private merknader og 6 offentlege uttaler til oppstart. Desse er oppsummert og kommentert i merknadsskjema, sjå vedlegg 6.

Hovudtrekka i dei innkomne merknadane og uttalene gjekk ut på følgjande:

- Sikring av automatisk freda kulturminne i planområdet
- Omsyn til verneområdet for Lurefjorden
- Forvaltning av strandsona
- Kommentarer til utvida bruk av privat tilkomstveg
- Vegrett til privat tilkomstveg
- Hyttetomt på 464/79 regulert i plan frå 1985

Komplett planforslaget var sendt inn til 1. gongs handsaming 23.12.2021.

Kommunen varsla ved brev 24.02.2022 at administrasjonen vurderte å avvise planforslaget.

Bakgrunn for vurderinga var i hovudsak basert på strid med byggegrenser i kommuneplan, talet på båtplassar og naust det vart lagt opp til samt moglegheit for oppføring av anneks i tilknytning til hyttene. Arbeidsmøte vart halde 17.02.22 (vedlegg 11).

Nytt planforslaget med endringar blei levert 20.04.22 og supplert 30.05.22.


Overordna planer og retningslinjer

Området er i gjeldande reguleringsplan for Snekkevika frå 1985 (PlanId 12601985000200), regulert til hytteformål, naust og småbåthamn. Største delen av planområdet er sett av til landbruksområde og det er lagt opp til felles parkering med sti inn til 6 hyttetomter.

I kommunedelplan for Radøy (KDP), revidert 2019, er området satt av til framtidig fritidsbustad, noverande naustområde samt med ei regulert byggegrense. Sjølve planområdet har sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan med supplerings av § 4.12.1 i KDP.



Gjeldande plan



Området i KDP

Området har tidlegare vore forsøkt regulert på nytt, men kommunestyret i Radøy kommune avsla endeleg godkjenning av detaljplan i møte 28.04.2015 med følgjande vedtak:

«Framlegg til reguleringsplan for Snekkevika hyttefelt, plan id. 12602011000500, vert ikkje godkjent. Grunngeving for vedtaket er at hytteområdet ikkje har tenleg tilkomst. Tilkomstveg ligg i LNF-område og er i strid med arealføremål i overordna plan. Innspel i høyringsrunden viser også at plassering av tilkomstveg kan koma i konflikt med bruken av naustområdet og at det vil vera fare for uønskete hendingar med gjennomgangstrafikk i naustområdet»

Vurdering

I dette kapittelet følgjer Kommunedirektøren sine kommentarar til sentrale problemstillingar i saka. Andre tema er ansett som vurdert og løyst.

Forholdet til overordna plan


I samband med ny kommunedelplan for Radøy vart det gjort ei kartlegging av strandsona i kommunen, som skulle bidra inn i arbeidet med å revidere byggegrensa mot sjø. For Snekkevika vart det sett ei eige byggegrense mot sjø i kommuneplankartet. Denne, saman med suppleringar av kommuneplan og eksisterande reguleringsplan, er gjeldande for området i dag.

Jf. pbl § 12-3 skal private forslag til detaljregulering følge opp hovudtrekk og rammer i kommuneplanens arealdel. Ved ny plan kan ein vurdere byggegrensa på nytt, men då vil pbl § 1-8 tre i kraft. Det er, jf. pbl §1-8, eit generelt forbod mot tiltak innafør 100-meters belte langs sjø og langs vassdrag for å verne strandsona. Ved tiltak innafør forbodssona skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

I planomtalen kap. 5.1.4 er det gjort ei vurderinga av tiltaka som fell utanfor byggegrensa i kommunedelplanen opp mot pbl § 1-8 og SPR for differensiert forvaltning av strandsona.



Planforslag november 21



Planforslag mai 22

Over ser vi byggegrense mot sjø i KDP stipla i rosa/blått lagt over plankartet for Snekkevika. Forslagsstiller har gjort fleire endringar etter arbeidsmøte (vedlegg 11) med kommunen der m.a. byggegrensa mot sjø var tema:

- Areala avsett til småbåthamn (VS) er redusert
- Hyttetomtane nærast Kjesethtjørna er tatt vekk
- Tilkomsstvegen som ligg ved tjørna er omregulert til gangveg SGG4 som skal grusast, samt at vegen er redusert i breidda med 1 meter
- BFR4 er snevra inn mot tjørna
- Grønstruktur mot sjø er regulert inn langs hyttetomtane T8 og T9

Kommunedirektøren vurderer at den føreslåtte utbygginga tek omsyn til strandsona og tilgang til denne mellom anna ved at det er regulert for eit ope naust med tilgang til kai/brygge innerst i Snekkevika og at tilgang til sjø og vassdrag er sikra ved regulerte friområder.

Hovudformål *Fritidsbustader*

Gjennom kommunedelplan for Radøy er det opna for å etablere eit hyttefelt i Snekkvika. Innafor planens fritidsformål kan det etablerast hytter med samla bruksareal per eining = 150m² og bygd areal på inntil 170 m², dette inkludert parkering og uthus. Maksimal byggehøgde er satt til 7 meter. Det vert totalt føreslått 22 nye hytter fordelt på 4 felt. Felt BFR6 regulerer eksisterande hytte. For hyttetomt BFR7 er det stilt strengare krav til utforming, dette er omtala i underkapittelet om kulturminne.



Illustrasjon av forslag til ny fritidsbustad

Gjennom planprosessen er arealet avsett til hytteformål redusert for å ivareta ei funksjonell strandsone. Talet på hytter har ikkje endra seg

Naust

Samla vert det regulert for 23 naust innafor planområdet, som er tilsvarande det gjeldande reguleringsplan tillèt og nedgang ift. første innsendte planforslag. 14 av desse er allereie etablert, då i hovudsak av doble naust innerst i vika. Størrelse og mønehøgde på nausta er i tråd med kommunedelplan for Radøy, forutan for naustet i BUN6 som kan etablerast med lik utforming som eksisterande nausterekke i BUN1.

Småbåthamn

Det er sett av 3 områder i sjø for etablering av småbåtanlegg som totalt regulerer 42 båtplassar (VS1-3). Lokalisering av anlegga er om lag lik som i gjeldande reguleringsplan for området, med det er ei auke av båtplassar på 15 stykk. Samstundes er det ein reduksjon på 6 plassar samanlikna med planforslaget som vart levert i desember. I planskildringa legg ein vekt på at hytteområdet som er sett av i KDP er mykje større enn i planen frå 1985, og at ei auke av båtplassar er å forventa.


Kommunedirektøren stiller seg positiv til eit allmenn tilgjengeleg naust med tilgang til kai og brygge,

slik det vert lagt opp til i BUN6 og at areal avsett til småbåthamn er redusert slik at det gjenspeilar regulert antall båtplassar. Talet på hytter er framleis høgt, men forslagsstillar har tatt fleire grep for å dempe den privatiserende effekten utbygginga får på området.

Trafikkløysing og parkering

Planområdet har tilkomst frå fylkesveg 565 Slettevegen vidare via privat veg som betener småbåthamna i Snekkevika. Tilkomstvegen SV2 har tilfredsstillande stigning og er føreslått utbetra med 3 passeringslommer og breiddeutviding. Som nemnt i saksframlegget ved handsaming av planinitiativet, stiller kommunedirektøren seg bak forslaget om å bruke eksisterande veg til hyttefeltet framfor å regulere ny tilkomst via Haugstad.

Internvegen til hytteområdet, SV4, er flytta i tråd med vedtaket i gamle Radøy kommune for ikkje å kome i konflikt med det eksisterande naustområdet på BUN1.



Utnytt frå plankart



Intern veg i planinitiativet

SV4 er også flytta i høve innspel Statsforvaltaren ved oppstart, då vegen i planinitiativet var tenkt plassert langs Kjesethtjørna. Slik den no ligg kjem vegen ikkje i direkte konflikt med naustområdet eller byggegrensa mot tjørna, men den vil ligge noko tungt i terrenget. I planprosessen er det derfor stilt krav om at terrenginngrep skal synleggjerast i hovudplan for teknisk infrastruktur som skal godkjennast av vegavdelinga til kommunen slik at ein oppnår best mogleg tilpassing. Som nemnt er internvegen til det øvste delfeltet BFR1 og 2 regulert som gangveg for å minimera nærføring til tjørna og terrenginngrep.

Parkering


Parkering for eksisterande naust, småbåthamn og hyttene på felt BFR6 og 7 må løysast innanfor formålet BUN1. Situasjonsplan syner forslag til disponering av dette området.

For hytteområdet elles er det lagt opp til at det skal parkerast på fellesareal og planframlegget legg opp til tre felles parkeringsplassar. Parkering på eigen grunn er ikkje tillate. Bilfrie hyttetun ser vi på som positivt i forhold til terrenginngrep og tiltaket sin fjernverknad.

I KDP for Radøy stilast det krav til parkeringsplassar for både hytter, naust og småbåthamn. Kommunedirektøren har opna for ei lågare parkeringsdekning innafor planområdet i høve desse krava, då naust og småbåtanlegg vert disponert av hytteeigarar med fast parkering. Truleg vil heller ikkje alle vere på hyttene sine samstundes, slik at noko av parkeringsarealet er også frigitt til fordel for offentleg parkering til friluftsmål.

Estetikk og arkitektur

Fritidsbustadane skal utformast med inntrekt sokkel for å sikre god terrengtilpassing, og fylling/planering bør ikkje vere meir 1 m. Situasjonsplan og illustrasjonar (vedlegg 9) skal vere retningsgjevande for utforminga av hyttene.



Illustrasjon av hyttetype og feltet

I samband med byggesøknad skal det utarbeidast ein situasjonsplan og fasadeteikningar for byggetiltaka. Situasjonsplan og fasadeteikningar skal vise at krava til landskap, estetikk og arkitektur er ivareteke.

Forslagsstillar har høvesvis følgd kommunedirektøren si anbefaling om tydelegare krav for å sikre gode arkitektoniske kvalitetar og samspel mellom hyttene.

Kulturminne

Som følgje av tidlegare planarbeid vart det påvist 5 buplassar frå steinalderen i området. Desse er sikra ved ei 5 meters bandleggingssone. I tillegg er det regulert eit samanhengande grøntområde med omsynssone med krav om at alle terrenginngrep innafor sona må gjerast i samråd med kulturminnemynde.

Vestland fylkeskommune har også stilt krav om at siktsona mot sjøen frå dei arkeologiske lokalitetane må ivaretakast. Området har mykje lauvskog, slik at gunstige siktsoner er ikkje til stades idag. Siktsoner er ivaretatt i sin heilheit mot nord, medan det i nordaust allereie finst ei hytte og naust. Då landskapet skrånar frå kulturminnelokasjonen og ned mot sjøen, vert siktsona naturleg ivaretatt av terrengforma på staden.

Det kan etablerast 1 hytte innafor BFR7 som ligg tett på kulturminna. Dette er ei vidareføring av gjeldande reguleringsplan, og for å ivareta kulturminnelokasjon er det stilt krav til at fritidsbustaden skal utformast med flatt tak som skal beplantast, samt ei begrensa byggehøgde (inntil kote +8).

Kommunedirektøren stiller seg bak desse vurderingane.

Den indre farleia

I høve omsyn til Den indre farleia skal det under opparbeiding av feltet søkast å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter

m.m. jf. føresegn § 3.4 b.

Friluftsliv

Badeplassen som ligg nord for det planlagde hyttefeltet er regulert som friområde i KDP som Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) har hatt ansvar for og området har tidlegare vore aktuelt for statleg sikring. Dei siste åra har ikkje badeplassen vorte vedlikehalde og parkeringsplassen ved fylkesvegen har gått tilbake til grunneigar.

Badeplassen er framleis nytta ein del og eit viktig friluftsområde lokalt. Området er derfor innlemma i reguleringsplan for Snekkevika for å sikre framtidig bruk av området, også med tanke på ei statleg sikring av arealet slik idrettsplanen til Radøy kommune har føreslått.

Parkeringsplass er sikra langs fylkesveg 565 Slettevegen. Frå denne kan ein nytte skogstien som også er regulert ned til badeplassen. I sjøve vika er det regulert for ein bolta kyststi med høg grad av tilrettelegging i høve utforming, slik at ein og kan nå området frå Snekkevika. Her vil det vere mogleg å parkera for tilreisande på merka parkeringsplassar. I friområde er det mellom anna tillat å oppføre handikapprampe, padlehuk og benkar/bord.

Det er ikkje sett rekkefølgekrav for opparbeiding av tiltak i høve friområde- det vert opp til kommunen og aktuelle organisasjonar å bidra til dette.

Rekkefølgekrav/gjennomføring

Det er satt rekkefølgekrav til opparbeiding av kryss til fylkesvegen og oppgradering av privat veg før det vert gitt bruksløyve. Vidare er det sett krav til at interne vegar, parkeringsplassar og VA-anlegg er opparbeida til dei respektive felta før det vert gjeve bruksløyve.

For gjennomføring av tiltak er forslagsstillar avhengig av bruksrett til den private tilkomstvegen SV2. Dette kan skje gjennom privatrettsleg avtale eller å løfte saka om vegrett til jordskifteretten etter veglovas § 53.

VA

Anlegg for VA er planlagt i form av borehol eller anlegg for avsalting av sjøvatn, og avløp skal etablerast som reinseanlegg til sjø. Då sjøarealet ligg i det marine verneområde for Lurefjorden, vert anlegget planlagt med slamsikring og etterpolering for å sikre krava for utslepp i følsamt område.

Endeleg krav til avløp vert handtert ved søknad om utsleppsløyve.

Fram mot 2. gongs handsaming må det skisserast ei løysing for vann og avløp for hyttetomtane på BFR6 og 7.

Verneområde for Lurefjorden

VA-rammeplan regulerer utslepp til verneområdet og i føresegnene er det stilt krav om at alle tiltak i sjø skal vurderast opp mot forskrifta. Videre er det gjort ei vurdering av påverknad i KU for naturmangfald og klima (vedlegg 5), der konklusjonen er at tiltaket i liten grad vil påverke verneverdiane.

Vi ber Statsforvaltaren som om tilbakemelding om verneområdet er tilstrekkeleg ivaretatt i planforslaget.

Universell utforming

Det er stilt krav om at ny flytebrygge innafor f_VS1 skal vere utforma med omsyn til personar med nedsett funksjonsevne. Det vert stilt krav om at 3 biloppstillingsplassar innafor f_SPA1 skal vere utforma for personar med nedsett funksjonsevne, og ein av desse skal kunne nyttast av allmenta til friluftsføremål. Det vert også stilt krav til at ein oppstillingsplass innafor f_SPA3 skal utformast med omsyn til personar med nedsett funksjonsevne.

Gangvegen mellom Snekkevika og badeplassen (o_SGG2) skal etablerast med høg grad av tilrettelegging. Planen opnar også for moglegheita til å etablere universelt utforma baderampe ved badeplassen o_GF1.

Folkehelse/barn og unges interesser

Friområde Badevika har stor verdi lokalt, og har positiv betydning for folkehelsa og for barn og unge. Planen legg til rette for at området kan bestå og utviklast, og på sikt kan badeplassen også verte tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne via tilgjengeleg strandsti og baderampe.

Innerst i Snekkevika er det i føresegnene lagt opp til at det skal etablerast eit ope naust med tilgang til universelt utforma flytebrygge med kajakkslepp. Noko som ofte er til hinder for folkehelsa, er tilgang på parkering i høve friluftsområder. Eit viktig bidrag i denne planen er 10 regulerte parkeringsplassar i vika øyremarka til friluftsliv, i tillegg til parkeringsarealet langs fylkesvegen.

Hyttfeltet er ikkje til hinder for ferdsel til Kjesethtjørna og det tilhøyrande friluftsområde, då grøne korridorar sørgjer for at området er lett tilgjengeleg. Det same gjeld tilgangen til sjø- forutan nausteformål, er heile sjølinja innafor planområdet regulert som friområde.

Kommunedirektøren vurderer planen til å ha stor positiv verknad for folkehelsa og for barn og unge.

Brannvern

Planforslaget omtaler ikkje brannvern i høve gangtilkomsten til felt BFR1 og 2. Vegteikningane (vedlegg 10) syner at stigninga ikkje er innafor 12.5 % , som er øvre grense for utrykkingskøyretøy.

Vi ber om at dette vert sett på til 2. gongs handsaming av plan.

Klima

Tiltaket vil føre til arealbeslag på myr. Det er planlagt parkeringsplass på ei myrflate som skal gravast ut. I tillegg vil vegen krysse myr på fleire stader og nokre hytter er delvis planlagt plassert på myr fleire stader. Om lag 2,5 daa myr vil bli direkte berørt på grunn av utgraving. I KU for naturmangfald er det estimert at endring frå myr til bebygd areal vil føre til utslepp av 142 tonn CO₂- ekvivalentar.

Som avbøtande tiltak skal utgravne torvmassar brukast til rehabilitering av myrar i nærområdet. Det er også stilt krav om at det skal etablerast tilstrekkeleg med kulvertar/rør for å ivareta tilstrøyming og avrenning frå myrområdet som står att.

Kommunedirektøren tilrår at handsaming av myrmassar bør inngå i Plan for massehandtering.

Naturmangfald

Det finns nokre naturverdiar i området, men få av dei vil bli påverka då tiltaksområdet ikkje overlappar med desse lokalitetane. Den største negative påverknaden ved etablering av hyttfelt er arealbeslag i eit marint verneområde og tap av funksjonsområder for vanlege arter på land og i sjø.

Nord i planområdet, er det lagt inn ein omsynssone for å ivareta naturtypen rik edelløvskog, rikt hasselkratt med funn av raudlistearten kystskriftlav.

Økonomi

Det er fleire offentlege formål i planforslaget- strandsti o_SGG2, skogssti o_GT og parkeringsplass o_SPA4 i tilknytning til det offentlege friområde o_GF1.

Grunneigarar kan krevje at desse områda vert innløyst straks etter at planen er vedtatt. I framtida kan kommunen måtte bidra økonomisk for opparbeiding av tiltaka.

Planframstilling

Fram mot 2. gongs handsaming bør plankartet oppdaterast med byggehøgde (BH) for alle byggeområda og maks BRA og BYA, sjølv om det er sikra i føresegnene. Det bør også regulerast avkøyrsløp til naustområde BUN1.

Konklusjon

I prosessen fram mot offentleg ettersyn har kommunen oppmoda om eit planforslag som tek omsyn til den funksjonelle strandsona ved regulere eit hyttefelt med naust og småbåthamn med gode kvalitetar i tråd med kommuneplanens arealdel. Slik planframlegget no ligg føre er det ikkje til hinder for dei ulike interessene i området; kulturminna og tilgang til sjø, vassdrag og friluftsliv. Planframlegget har også fleire positive kvalitetar som fremjar folkehelse og kjem allmennheita til gode.

Vi har ingen merknader til planprosessen så langt og vurderer mottatt planmateriale til å ha tilfredsstillande kvalitet til å sendast på høyring og offentleg ettersyn. Vi sluttar oss til hovudformålet og dei planfaglege grepa i planforslaget.

Fram mot 2. gongs handsaming må det gjerast enkle rettingar i plankart, samt gjerast greie for framkome for utrykkingskøyretøy og løysing for vann og avløp for hyttetomtane på BFR6 og 7. Handsaming av myrmassar bør stilast krav om i Plan for massehandtering.

Vedlegg i saken:

08.06.2022	1. Planskildding Snekkevika	1749887
08.06.2022	2. Føresegner Snekkevika	1749888
03.06.2022	3. Plankart Snekkevika 29.05.22	1749889
08.06.2022	4. ROS-analyse Snekkevika	1749890
03.06.2022	5. KU Naturmangfald og klima Snekkevika	1749891
03.06.2022	6. Merknadsskjema Snekkevika	1749892
03.06.2022	7. VA-Rammeplan Snekkevika-revB	1749893
03.06.2022	8. T-VA-H1-revA Snekkevika	1749894
08.06.2022	9. Sit.plan og illustrasjoner Snekkevika	1749895
08.06.2022	10. Vegteikningar_samla Snekkevika	1749896
08.06.2022	11. Møtereferat- arbeidsmøte Snekkevika 17.02	1749897
03.06.2022	12. Avklaring av planinitiativ Snekkevika	1749898